

Riksantikvaren  
postmottak@ra.no

Lofthus den 30.06.24

## Høyringsvar – Forslag til bevaringsstrategi for landbruket sine kulturmiljø.

Hardanger og Voss museum (HVM) takkar for høvet til å koma med høyringsvar til Riksantikvaren (RA) sitt forslag til bevaringsstrategi for landbruket sine kulturmiljø.

### Bakgrunn

Riksantikvaren har sendt forslag til «Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø» på høyring med frist 30. juni. RA skriv i sitt brev av 08.05.24 m.a.: *«Bevaringsstrategiene skal bli verktøy for vern og utvikling av prioriterte kulturmiljø. Forslaget til bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø inneholder blant annet avgrensning og fire deltemaer med nærmere innhold og problemstillinger som Riksantikvaren mener strategien bør konsentreres om. Vi ber om innspill på utfordringsbildet, avgrensningen av strategien og deltemaene med tilhørende prioriteringer. Vi tar gjerne imot synspunkter på hva som bør vektlegges innenfor innsatsområdene. Viss dere mener noen av forslagene er lite relevante, er det nyttig å få signal om det også.»*

RA ynskjer særleg tilbakemelding på :

1. *Avgrensning.* I kva grad er avgrensinga eigna til å famna om dei viktigaste behova og utfordringane knytt til bevaring og bruk av landbruket sine kulturmiljø?
2. *Deltema.* Er dei foreslåtte deltema eigna til å spissa innsatsen mot dei rette områda innanfor landbruket sine kulturmiljø? Har deltema som er foreslått det rette innhaldet og dei rette prioriteringane? Er det visse kulturmiljø som bør vektleggjast meir innanfor dei einskilde deltema? Kva problemstillinger bør prioriterast?

### Innleiande kommentarar frå HVM

HVM meiner at arbeidet med bevaringsstrategiane er eit godt grep for å få prioritert ivaretaking og bruk av viktige område og tema for kulturarven i Noreg. Riksantikvaren har fått i oppdrag å utarbeida forslag til to bevaringsstrategiar i 2024 , for kysten sine kulturmiljø og for landbruket sine kulturmiljø. Bevaringsstrategiane skal bidra til å strukturera, samordna og organisera

innsatsen slik at dei tre nasjonale måla engasjement, berekraft og mangfald vedtatt i Meld.St. 16 (2019-2020) blir nådd, med særleg vekt på målet om å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø. Bevaringsstrategiane skal leggja til rette for at kulturminne, kulturmiljø og landskap blir bevart og brukt som ein ressurs i samfunnsutviklinga. Bevaringsstrategien er foreslått med fire deltema. Til grunn for val av deltema ligg Riksantikvaren si vurdering av utfordringsbiletet, høve til samarbeid og samordna verkemiddelbruk:

- Bygningar i jordbruket.
- Jordbrukslandskapet.
- Kulturmiljø i skog.
- Kulturmiljø etter reindrift.

HVM sluttar seg til dette og vidare resonnement frå RA om at bevaringsstrategien skal vera prioriterte område innanfor landbruket sine kulturmiljø der det er viktigaste framover å konsentrera innsatsen. Strategien skal også bidra til at kulturmiljø blir brukt i ei berekraftig samfunnsutvikling. HVM har nokre innspel og forslag til endringar av bevaringsstrategien.

Strategien famnar i hovudsak om den materielle kulturarven sidan dette er kulturmiljøforvaltninga sitt arbeidsfelt, men viser til viktige samanhengar mellom den materielle og den immaterielle kulturarven som bevaringsstrategien omfattar. Dette gjeld til dømes kunnskap om tradisjonell skjøtsel og drift av kulturlandskap, kompetanse på tradisjonelt handverk og kunnskap om materialbruk og produksjon i landbruk og skogbruk. HVM meiner at den immaterielle kulturarven burde fått ein større del av innhaldet i bevaringsstrategien, samt verdien av å halda ved like og å vidareføra praksis, kunnskap og tradisjonar. RA syner til at kulturen med setring eller støling er i ferd med å gå tapt. Det er ønskjeleg å bevara fysiske bygg og kulturlandskapet. HVM vil foreslå at RA også skriv om den immaterielle kulturarven knytt til støling. Det handlar om kunnskap, om å nytta stølen og ressursane og nytten av å vera i stølslandskapet med dyra for å mjølka og ysta etc og å nytta kunnskapen og tilpassa det til vår tid. Det handler om folk og bevaring av deira kunnskap like mykje som om bevaring av bygg og landskap. Valdresmusea er ansvarsmuseum i eit samarbeidsprosjekt om støling. Det finst mange andre døme på slike prosjekt som koblar den immaterielle og materielle kulturarven og er samarbeid mellom musea og andre. Slike gode døme bør koma med i den endelege bevaringsstrategien for landbruket sine kulturmiljø. Det gjer det lettare å forstå verdien av heilskap og at den immaterielle kulturarven er del av kulturmiljøa. Ei konkretisering og gode døme fører på sin måte til inspirasjon og engasjement hjå lesaren og lyst til å vita meir om prosjekt, t.d. det i Valdres.

Utfordringar som blir peika i strategien er fleire som t.d. nedbygging av landbruksområde, endringar i teknologi, driftsmåtar og næringsstrukturar. HVM vil foreslå at ein og talfestar desse endringane og utfordringane i landbruket. Det er interessant å lesa statistikk om «Landbruk i hele landet» (sjå Statistisk sentralbyrå, tal frå 2018): *«I Norge bor en av fjorten innbyggere på en landbrukseiendom. Arealet som tilhører disse eiendommene, utgjør imidlertid over tre fjerdedeler av det norske fastlandet ... landbrukseiendommene omfatter også store bygningsressurser, med i alt 950 000 bygninger fordelt på 165 800 eiendommer med bebyggelse. Fire av fem eiendommer hadde bolighus, og det var i alt 111700 bebodde eiendommer. Det betyr at over 33000 gårdsbruk med bolighus er uten fast bosetting. Frå 2000 til 2018 har antall bosatte på landbrukseiendommer minnet med 148 000, til 369500 personer i 2018. Det vil si at 7 prosent av landets befolkning bor på en landbrukseiendom i 2018. I Sogn og Fjordane er nærmere 20 prosent bosatt på landbrukseiendommer.»*

Talmaterialet skildrar nærare alvoret i situasjonen for kulturmiljø i landbruket og utfordringsbiletet.

Bevaringsstrategien skal føra til samhandling om å ivareta så mange bruk som råd er i aktiv drift som og er landbruksnæringa sin strategi. Landbruksdirektoratet skriv på sine nettsider «Om jordbrukets kulturarv»: *Verdiene i kulturlandskapet er avhengig av fortsatt bruk, skjøtsel og vedlikehold for å opprettholdes. ... Disse deles i ulike kulturmarkstyper med stor variasjon i artsmangfold og skjøtselbehov. ...Jordbrukslandskapet har betydning for*

- *tilhørighet og identitet*
- *opplevelser av natur, kultur og historie*
- *bosetting, verdiskaping og utvikling i jordbruksbygdene*
- *plante- og dyreliv*

Landbruksdirektoratet skriv at endringar i kulturlandskapet er knytt til tap av natur, klimaendringar, arealendringar, gjengroing av verdfull kulturmark, forfall av bygningar i gards- og setermiljø, press frå by og tettstadsvekst, rasjonalisering og intensivering i næringa.

Landbruksdirektoratet seier vidare «Hvem har ansvaret»: *Jordbruksektoren har et eget ansvar for å ivareta miljøhensyn og har ulike virkemidler som skal redusere miljøbelastninger og fremme miljøgoder ...Aktiv drift i landbruket er den viktigste forutsetningen for å ta vare på kulturlandskapet. (vår utheving).*

Det er positivt at bevaringsstrategi landbrukets kulturmiljø legg stor vekt på bruk, gjenbruk og sirkulær økonomi og kva kulturmiljø betyr for stadutvikling, reiselivsutvikling og samfunnslivet

generelt. HVM støttar RA i at vi må arbeida med å finna nye formål for gamle hus slik at byggeskikk og det visuelle inntrykket blir oppretthalde i bygningskulturen. HVM støttar og felles mål om at jordbruk i drift er det primære formålet på gardane. Jordbruk blir stadig meir viktig pga matmangel for ein veksande befolkning globalt og avgrensa med ressursar som jord og skog. Det å finna nye «attåtinntekter» er aktuelt for nedleggingstrua gardar og nokre gonger blir ny bruk hovudinntekta for å kunna halda fleire bygningar, tun og jordbruksområde levande.

Ombygde løer med nye funksjonar vil ikkje nødvendigvis kunna brukast som historisk dokumentasjon på korleis byggeteknikkar og livet var tidlegare då bygningane opphaveleg vart bygde. Det skal bevarast eit mangfald av landbruket sine kulturmiljø og dei autentiske må vera del av det mangfaldet i den totale kulturarven som blir bevart. Om det ikkje finst eit oversyn over kor mange løer for eksempel som er verna eller freda for ettertida og er autentiske, så burde det blitt laga, gjerne eit oversynskart. Til samanlikning gjorde NVE i si tid ei undersøking av kva som fanst i norske museum av gjenstandar knytt til vassdrag og kraftutbygging og dei laga verneplanar for kraftanlegg og vassdraga sin kulturarv. Underlagsrapportane gav eit nyttig grunnlag for ein grundig bevaringsstrategi for NVE si nye museumsordning på 2000-talet.

HVM er einig med Det nasjonale kulturnettverket og Norges museumsforbund i deira høyringssvar om å ta med i bevaringsplanen at bevaring av dei autentiske miljøa som del av bevaringsstrategien, ikkje må gløymast. Dei er ein viktig del av mangfaldet i landbruket sine kulturmiljø. Det betyr vidare at verkemiddel også må vera tilgjengeleg for og inkludera musea. Den pågåande debatten på fylkeskommunalt nivå om fjerning av musea som mottakarar i kap 1429 post 71 i statsbudsjettet og prioritering av privat eigarskap har alt fått konsekvensar for somme museum, særleg i Vestland fylke. Dette er etter vår meining uheldig. HVM meiner at det er heilt sentralt å innlemma musea som relevante aktørar i eit så viktig forvaltningsdokument som RA sine bevaringsstrategiar er.

Kulturlandskapsnettverket og musea er og vil kunna bli gode samarbeidspartar i det vidare arbeidet med bevaringsstrategiane. Musea har arbeidd med det autentiske kulturmiljøa i landbruket frå dei fyrste friluftsmusea og landbruksmusea vart stifta i Noreg. Musea er viktige kunnskaps- og samfunnsinstitusjonar rundt i landet. Dei har internasjonale samarbeidspartar på temaet landbruk. Slik det ser ut til når ein les bevaringsstrategien, så har ikkje Kulturdepartementet og Kulturdirektoratet ein tydeleg rolle som samarbeidspart i strategien. Dette bør utgreiast vidare. Kommunane nyttar ofte musea som rådgjevarar og samarbeidspartar

når det gjeld for eksempel å laga kulturmiljøplanar. Det er døme på gode samspel lokalt der Riksantikvaren og fylkeskommunane er viktige rådgjevarar og tilskotsytarar til arbeidet med kulturmiljøplanarbeidet.

Det blir framheva i bevaringsstrategien at automatisk freda kulturminne kan få påkjenningar av fleire tyngre køyretøy i dagens jord- og skogbruk. Dette kan føra til at arkeologiske kulturminne går tapt. Klimaendringane med meir nedbør og ekstremver, ras og erosjon fører til større påkjenningar for kulturminne og kulturmiljø og risiko for å få store tap. HVM er einig i at bevaringsstrategien skal arbeida med kommunikasjon og kunnskap til mange om korleis ein kan unngå slike tap, og for skapa eit engasjement for å ivareta prioriterte kulturmiljø.

HVM støttar at bevaringsstrategien ser landbruket sine kulturmiljø som ein ressurs med eit aktivt landbruk over heile landet. Dette er historisk kunnskap om lokal matproduksjon og bruk av ressursar i landbruk og skogbruk gjennom tidene som vi treng idag. Det blir vidare framheva at bevaring av bygg og ombruk er god klimapolitikk som bidrar til god ressursbruk. Det blir peika på at reiseliv og lokal matproduksjon forankra i kulturarven er eit næringsområde i vekst. Det kan gjera at fleire blir interessert i å ha dette som arbeid eller interesse på fritida. Formidling og historieforteljing om landbruket sine kulturmiljø gir både kunnskap, oppleving og identitet. Her vil HVM understreka at musea som samfunnsinstitusjon prioriterer både forskning og formidling . Musea må etter vårt syn i mykje større grad inviterast inn i samarbeidet for å lukkast fullt ut med bevaringsstrategien. Det finst store ressursar av fagfolk og kjeldemateriale og tilskotsordningar i museumssektoren. Museumssektoren vil på si side ha stor glede og nytte av å delta aktivt i samhandlinga og gjennomføring av bevaringsstrategiane med Riksantikvaren som koordinator, pådrivar og medspelar.

HVM finn det positivt at Riksantikvaren i bevaringsstrategien er tydeleg på kva deltema som er prioritert. Det gjer at strategien vert eit godt styringsverktøy og gjev føringar for kva område det skal fokuserast og satsast på i det vidare arbeide. Det er positivt at Riksantikvaren har lagt fram ein bevaringsstrategi der kulturarv i landbruket, sjølvforsyning og det å ta vare på ressursar i kulturlandskapet gjennom tidene, blir kopla til tema og spørsmål vi er opptatt av i dag. Med urbanisering, sentralisering og dei store endringane i verda og i landet vårt dei siste 50 åra, så er det viktig å få fram verdien av eit levande landbruk i heile landet. HVM er einig i at ein samla innsats og fokus på landbruket sin kulturarv slik bevaringsstrategien legg opp til, vil bidra til å gje landbruket og kulturarven ein høgare status enn det mange opplever er tilfelle i Noreg i dag.

No bur mange i byar og har såleis mista nærleik til det å dyrka mat og mange både i by og i tettstader veit mindre om kor maten kjem frå no enn tidlegare. Det er vidare positivt at det vert utvikla ein strategi for å sikra at eigarar og forvaltarar av landbruket sine kulturmiljø blir høgare prioritert. For utfordringane er mange for jordbruket med fråflytting, nedbygging av landbruk og stadig færre gardsbruk i drift slik det går fram i bevaringsstrategien. Det er både ein trussel for jordbruket sin kulturarv og matforsyning i Norge.

HVM ser fram til at «Bevaringsstrategi for landbruket sine kulturmiljø» blir sett i verk og at det kan gjerast ein samla innsats for å ivareta og bruka denne kulturarven i heile landet.

### **Avgrensing – vår kommentar:**

HVM meiner at avgrensinga famnar om dei viktigaste behova og utfordringane knytt til bevaring og bruk av landbruket sine kulturmiljø i aktiv drift i heile landet som er den beste føresetnaden for å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap. Moderne jordbruk er foreslått inn i ein annan bevaringsstrategi om industrielt jordbruk, då må det vera ein samanheng i dei ulike strategiane slik at det ikkje blir overlapp. Å gjera samtidsdokumentasjon av landbruket i Noreg i dag er noko musea kan bli engasjert i og har kunnskap om. Hardanger folkemuseum har jordbruk som tema og hadde forskingsmidlar til å følgja 10 utvalde familiar på fruktgardar i Hardanger i 1980-84 med intervju og foto – problemstillinga var fruktdyrking som leveveg og levemåte. Det hadde vore interessant å følgja opp slike dokumentasjonar i dag. Kva driv dei med på fruktgardane no når mange er blitt siderbønder? Kva er grunnen til nydyrking og optimisme? Kva er utfordringane? Slike undersøkingar/forskningsprosjekt ville femna både om den materielle og den immaterielle kulturarven med forteljningane til dei som driv i landbruket i dag. Det vil vera både grunnforskning og dokumentasjon som er nyttig for å finna meir ut av endringar over tid.

Det er gjort systematisk dokumentasjonar på endringar i kulturlandskap ved fotografar hjå NIBIO. Det er viktige historiske dokumentasjonar som bør vera følgt opp jamnleg med tilhøyrande ressursar. Det handlar om å sjå landskap over tid og å ha kontinuitet i dokumentasjonane. Det bør setjast av midlar til samtidsdokumentasjonar og til formidling av dei til allmenta. Slik kan vi få fram forteljningar og dokumentasjonar av og forskning på folk og personar i landbruket (sosial dimensjon og den immaterielle kulturarven). At musea har fotoskattar og dermed «augevitneskildringar» i samtida, for eksempel etter fotografane Knud Knudsen (1832-1915) og Anders P. Wallevik (1874-1965) i Hardanger, gjer at vi i dag har verdfulle foto som beskriv korleis folk levde i Noreg og i Hardanger. Det gir både kunnskap og

oppleveling om tidlegare generasjonar sitt liv og virke. Gjennom etnologar/museum og ved film og foto kan vi dokumentert folkelivshistorie i vår eiga tid. Dette bør det setjast av midlar til i samarbeidsprosjekt ved universitet og museum. Både arkeologar og etnologar kan bidra. Arkeologar og universitetsmuseum som har ei konkret oppgåve, er nemnt i bevaringsstrategien. Andre som dei kulturhistoriske musea og dei naturhistoriske musea, bør og nemnast som viktige samarbeidspartar og inviterast inn i det vidare arbeidet i større grad.

### **Om innsatsområda i bevaringsstrategien**

HVM meiner at det er på tide og bra at det blir tatt til orde for samordning av regelverk og tilskotsordningar på tvers av direktorat og departement. I fylkeskommunane og i kommunane kan det og gjerast ein innsats for å styrka samhandling på tvers der kulturavdeling, landbruksavdeling og reiselivsavdelinga i større grad framover. HVM saknar at det kunne blitt skrive meir om eit samarbeid med Kulturdepartementet og Kulturdirektoratet og dei verkemidla ein rår over her. Eit sterkare samarbeid om formidling og bevaring av kulturarven vil gjera baa partar sterkare når bevaringsstrategien skal gjennomførast.

Vi vil og framheva at det bør seiast meir om konkrete moglegheiter ved ulike samarbeid med viktige institusjonar som NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi), Det Kongelige Selskap for Norges Vel (burde vore nemnt) og Opplysningsvesenets fond (OVF). OVF kan med si lange historie og viktige rolle gjerne reknast som «Noregs største bonde» med eigedomar og utleige av jord over heile landet. Stiftelsen Norsk kulturarv (SNK) er ein organisasjon som namnet seier, som har kulturarv, «vern gjennom bruk», som visjon og jobbar med aktuelle tema som t.d. «frå jord til bord». SNK arbeider med tiltak for barn og unge og aksjonar som «Rydd eit kulturminne» og aksjonen «Ta eit tak» er viktige tilbod og tilskotsordningar som er nemnt i meldinga. SNK er ein medlemsorganisasjon og er engasjert i å ivareta stølsdrifta som er i tilbakegang. SNK innstiller for landbruksdepartementet til den nasjonale kulturprisen og er slik døme på ein organisasjon som arbeider både med nasjonale saker og overfor brukarar i heile landet med ulike tiltak for å ivareta landbruket sin kulturarv. SNK deler ut heidersmerket Olavsrosa. Fleire av prosjekta gjeld samarbeid med private eigarar som driv reiselivsnæring og slik bevarer kulturarven i bruk.

Kvinner i landbruket kunne ha vore eit tema i bevaringsstrategien. Med fleire unge kvinner som drivarar i landbruket, så vil det og vera god familiepolitikk og at ein kunne fått fleire busette i jordbruksregionane. I dag er ifølge statistikk ei av fire eigar av landbrukseigedomar i Noreg

kvinne. Noregs bygdekvinnelag er ein viktig organisasjon som bør nemnast som samarbeidspart i bevaringsstrategien. Kulturvernforbundet er paraplyorganisasjon for frivillige lag og organisasjonar med 270 000 medlemmer som bør inviterast inn i gjennomføring av bevaringsstrategiane og i samhandlinga. Dei når mange. HVM ynskjer og eit sterkare fokus på samarbeidet mellom musea og NIBIO. NIBIO har interessante nettsider og nyhendebrev som er god formidling. I samarbeid med musea i ulike jordbruksregionar kan ein få fram info og aktivitetar som vil interessera folk flest om dyrking, mat og smakar, for eksempel om fruktdyrking i dag og tidlegare. Dette er ofte berre tilgjengeleg for fagfolk og spesielt interesserte som søker det opp fordi dei har nytte av det. Andre tenkjer kanskje ikkje på at dette er interessant lesnad.

På Landbruksdirektoratet sine nettsider finn ein rapporten «Grøntsektoren mot 2035». Det er eit «myndigheitsmål» om 5 porsjonar grønsaker, frukt og bær pr dag. Utvalet har i rapporten konkludert med at verken ein vekst i totalmarknaden eller ein vekst i norskandelen vil koma av seg sjølv. Her må fleire tiltak til for å nå måla. Nordmenn et mindre enn 5 posjonar pr dag og mindre enn det andre gjer i europeiske land vi kan samanlikna oss med. Utvalet meiner at vekstambisjon for norskandelen skal vera 50 prosent. Eit forslag dei har for å nå fleire er ved formidling og historieforteljing til barn og unge, familiar og brukarar om kvalitetar ved norsk frukt og grønt. HVM vil vi peika på eit mogeleg samarbeid mellom landbruket, RA og museum om formidling som kan nemnast i bevaringsstrategien slik vi har sett det i td England, Frankrike, Italia og Spania. I bevaringsstrategien bør det takast initiativ til tiltak som forbetrar samhandling og kunnskapsdeling for å bevare kulturmiljø i landbruket. Kan det opprettast eit «Forum for bevaring av landbrukets kulturmiljø» slik det vart gjort for temaet frukt og grønt i Landbruksdepartementet?

HVM ser fram til at det ved RA blir foreslått tiltak som raskt følgjer opp bevaringsstrategien, som konkretiserer og forankrar den retningen som no blir trekt opp. Det er avgjerande at ein klarer å arbeida koordinert og systematisk med utfordringar og mogelegheiter over tid. For å oppnå gode resultat må det forventast at finansiering i oppfølginga blir styrka. Det trengst meir midlar til oppfølging av bevaringsstrategiane enn det kulturminne- og museumssektoren har tilgjengeleg i dag. Når det gjeld tilskotsordningar, så vil vi foreslå at det er det viktig med nokre stønadsordningar der ein slepp å søkja prosjektmidlar årleg. Kan ein ha nokre stønadsordningar for kulturarven som har litt lenger tidshorisont – for eksempel 3-årige tilskotsordningar – slik det er meir vanleg hjå Innovasjon Norge og i næringslivsutvikling? Fleire prosjekt tek det minst 3 år



å utvikla og å ferdigstill, hovudprosjekt tek gjerne 5 år. Dagens tilskotsordninga til utvikling og bevaring av kulturarv er gjerne fragmenterte og kortsiktige der ein må søkja kvart år om tilskot årleg frå ulike instansar. Finansieringa må vera forutsigbar over tid. Det blir vanskelegare for private eigarar og organisasjonar å våga å satsa på utvikling av freda og verneverdige bygningar i kombinasjonen bevaring og næring utan føreseieleg økonomi. Det går ofte mykje tid for den einskilde til å leita fram søknadsordningar, laga ein bruks- og finansieringsplan og til sjøve søknadsskrivinga, og å forplikta seg i delta i klyngesamarbeid og arbeid på tvers av sektorar for å nå felles mål om ein ikkje har eit offentleg tilskot som del av finansieringa i tillegg til egne timar.

Finansiering og økonomi knytt til landbruket sin kulturarv burde vore eit eige tema i bevaringsstrategien. Investeringsmidlar er vanskelege å få tak i for dei fleste prosjekt som ikkje er reine næringsprosjekt og oftaste er det eit vanskeleg løp å få til fullfinansiering. Det er og vanskeleg for mange å oppnå midlar til bevaring i ei tid med klimautfordringar og auka straumutgifter mv som påverkar driftsbudsjetta. Det blir ofte ein «lappeteppeøkonomi» både på drift og investering når ein skal få til noko større og ei endring. Det kan t.d. vera krav om ei tredeling mellom kommune, fylke og stat i tillegg til eigeninnsatsen og andre tilskot. Det er ofte vanskeleg å få eit tiltak losa gjennom alle finansieringsinstansar og bli einige om felles mål.

HVM vil trekkja fram behovet for at det blir oppretta føreseielege tilskotsordningar for skjøtsel av kulturlandskap og å styrka UKL-ordninga med meir midlar som kommunane fordeler. Det vil gje resultat og synlege suksessar raskt for bevaring av kulturlandskap og dermed skapa engasjement og motivasjon for å arbeida meir med vern gjennom bruk. UKL-prosjekta kan vera døme på gode samarbeidsprosjekt. Det er bra at ein i UKL- ordninga kan søkja om midlar både til skjøtsel av landskap, verneverdige bygg og til formidling.

## **Vurderingar og innspel til dei fire deltema**

### *Deltema 1. Bygningar i jordbruket*

Einskapslåven er ein sentral type bygning etter hamskiftet på 1800-talet og det er god prioritering å framheva denne som hadde stor utbreiing og er typisk for ein periode.

Jordskiftereforma bør og nemnast særskilt i bevaringsstrategien då det førde til oppløysing av landsbyar og klyngetun i Noreg og at bygningar i tuna vart flytta og mange rivne. Nokre vart tekne vare på av private samlarar og folkemuseum vart stifta for å ta vare på jordbruket sin kulturarv som var i stor endring.

Kor mange av type «Einskapslåven» er verna? Kva er fordelinga av denne type bygg i ulike landsdeler? Kan henda finst slike oversyn? Kva er status og kor skal vi? Kan vi talfesta målet? Kva med også å inkludera andre typar løer, som td med å ta vare på «grindaløer» i dei vestnorske fjordlandskapa? Dei er og trua av forfall eller ikkje å bli sett som funksjonelle nok versus å byggja nytt. Kva med å nemna helletak som ein del av strategien med å ta vare på løer? Kan Kulturminnefondet øyremarker midlar til bevaring av helletak? Satsing på bevaring av einskapslåven må ikkje gå utover og vera til hinder for at ein og ser til og får restaurert og vedlikehalde heile kulturmiljøet på gardar i heile landet og i bynære strøk. Dei andre bygga på tunet som kvernhus og uthus, eldhus, bryggerhus, stabbur og kårhus er verdfulle som kulturmiljø og kvar for seg. I dag forvaltar mange tilleggsjord på nabogardar med alle bygga som høyrer til. Ein gardbrukar sit kan henda med ansvaret for fleire bruk med tilsyn av fleire bygg (Ein stad i Sogn høyrde vi om ein bonde som slo graset på 11 bruk der det før var aktiv drift frå kvart bruksnr).

Kan det finnast løysingar og leggjast til rette for at slike bygg lettare kan koma i bruk att og at dette ikkje blir ei tung bær for den som driv jorda som ein av få gardbrukarar igjen i bygda? Korleis kan vern gjennom bruk bli mottoet for fleire unge? Kan eigarane få fritak for skattar (eigedomsskatt) og avgifter som hindrar bevaring? Prosjektet «Lys i gamle hus» ved Fortidsminneforeningen vekker interesse og kan redde hus frå å stå tomme. Det er eit døme på samarbeidsprosjekt som fleire kan få til i sin region om det er vilje til samarbeid og til å løyva midlar. Mangel på bustader kan vera stor i tettstader og gjenbruk av gamle bygg til bustad i bygda er ein god sak også i ein klimasamanhang og er for dei som vil bu rimelegare enn i ein by. Forfattar Eva Røyrane har skriva boka «Norges låver» med foto av fotograf Oddleiv Apneseth. Dei skildrar døme frå Finnmark i nord til heilt sør i landet. Det er inspirerende med slike bøker som set søkelys på bygningstypar det er mange av som kan vera trua på ulikt vis, men er tatt vare på og er i bruk. Det kan vera nyttig med ei liste med relevant bakgrunns litteratur til temaet i bevaringsstrategien og til rapportar som alt er nemnt i bevaringsstrategien. Bygningar i jordbruket handlar om den rike og mangfaldige bygningsarven i jordbruket. Her blir bruk av den førindustrielle garden sine bygningar prioritert i bevaringsstrategien med einskapslåvar og seterbygningar.

Dette handlar om byggeskikk vs ny bruk og å sjå byggeskikken i ein region som ein kvalitet. Bevaringsstrategien kan bidra til å skapa ei forståing for kva som gjer kulturlandskap med gamle

og nye bygg og løer verdfulle og attraktive og kor nye bygg ikkje bør tillatast og kor dei kan tillatast. Med forståing for byggeskikk og handverkstradisjonar kan ein også lettare unngå tap og riving av påkosta bygg frå tidlegare tider og å tilpassa nye bustader til byggeskikken og unngå uheldig dominans frå det som ikkje er stadtypisk – jfr arkitekturopprøret og arealplanlegging i kommunane med nye sentrumsplanar som kan koma i konflikt med kulturmiljøplanar. For eksempel «leiligheit på bryggeprosjekt» og leilighetskompleks av alle slag som bør ha retningsliner som er tilpassa til landskapet og eksisterande bebyggelse. I landbruksbygder ser vi ofte at det no blir bygd leiligheiter og «høghus» ved fjorden i fargar og storleik som er kontrast til blondehus i sveitsarstil som nabo og som ikkje har god balanse til dei gamle linene i kulturlandskapet. Kan nye bygg bli mindre dominante? Kan ein nytta denne bevaringsstrategien til å framheva bygningane i landbruket som stadeigne kvalitetar? Slå eit slag for ombruk og materialbruk/storleik på bygga tilpassa staden? Å laga handbøker om tradisjonar og byggeskikk i landbruket er ein veg å gå. Riksantikvaren sine handbøker om gjenbruk, materialbruk, sikring og tilpassing av varmpumper etc bør inn på ei liste over bakgrunslitteratur i sjølve bevaringsstrategien i tillegg til lister over tilskotsordningar. Ordninga frå Riksantikvaren «Kulturminne i kommunane» med gratis kurs for kommunetilsette, om kulturarv, planlegging og samarbeid på tvers av etatar, er gode tiltak som det bør det visast til i bevaringsstrategien. Kommunane er ei særskilt viktig målgruppe for bevaringsstrategien og for å skapa engasjement og leggja til rette for gjenbruk og prioritering av bygg i jordbruket på ein god måte. Som det er omskrive i strategien, så råder kommunane over plan- og bygningslova. Riksantikvaren er viktig samarbeidspart på å opplysa om og kursa i forvaltning av kulturarven i kommunane.

HVM vil også under dette deltema understreka verdien av autentisitet er noko vi ynskjer kjem med i strategien og at det også må framhevast at det er råd å premiera opphavelig funksjon av bygningar i landbruket med tilskot. Som tidlegare nemnt skjøttar og formidlar fleire museum bygg som er ute av drift, men er bevart slik dei stod. Fleire museum brukar bygga sine til å formidla den opphavelige funksjonen og forvaltar og syner kulturmiljø i landbruket der skjøtsel av både bygningar og kulturmiljøet byggjer på lokale, tradisjonelle metodar. Slik får ein bevart noko av det autentiske og formidla både bygningane, kulturlandskapa og arbeidet med vedlikehald gjennom aktivitetar. Musea når ut med forskningsformidling, opplæring i handverk og skjøtsel av kulturlandskap i sitt samfunnsoppdrag. Døme på slike institusjonar og autentiske kulturmiljø i landbruket er Havråtunet (Museumssenteret i Hordaland), Kulturlandskapscenter i Hordaland, fruktgarden Viketunet (Ryfylkemuset), kulturlandskapet ved Sogn folkemuseum (Musea i Sogn og fjordane) og Hardanger folkemuseum/Agatunet med frukthagar med gamle

sortar og mostproduksjon (Hardanger og Voss museum). Det finst mange andre gode dømme rundt i heile landet på museum som lenge har arbeidd med landbrukshistorie, immateriell og materiell kulturarv.

Vi viser elles til det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap (kunnskapsnettverk under Kulturdepartementet) sitt høyringsinnspel der verdien av autentisitet og formidling blir poengtert og med fleire viktige innspel. HVM meiner at musea må inviterast breiare inn i dette samarbeidet. Gjennom musea har bevaringsstrategien samarbeidspart på formidling i høve til å spreia kunnskap om landbruket sin historie til barn og unge, folk i alle aldrar og for tilreisande i heile landet.

Prestegardar er viktige kulturmiljø i landbruket med fleire verneverdige og freda bygg som ein må styrka som heilskaplege kulturmiljø før det er for seint. Dei var senter for embetsverket i bygda med store landeigedomar – benefiserte gods – og drift av jorda var «løna» til presten heilt fram til 1957 då prestane vart vanlege lønsmottakarar. Buplikta for prestar vart oppheva i 2015. Slike heilskaplege kulturmiljø vart og er framleis forvalta av Opplysningsvesenets fond. Nokre er selde. «Opplysningsprestane» – levde av jorda og var viktige «bønder» i heile landet. HVM har kunnskap om prestane som fruktdyrkarar av format i bygda i tidlegare tider. Dei var aktive i høve å innføra sortar frå utlandet og å læra bort stell av jorda, og om poding og andre handverk i landbruket som vart viktig. Prestar og embetsfolk samhandla med bønder, t.d med fruktdyrkarar i Sogn eller i Ulvik, i Ullensvang i Hardanger og i dei andre fruktdistrikta. På slutten av 1940-talet kom forskingsstasjonen for frukt, NIBIO Ullensvang, av den grunn, og ikkje tilfeldig, på «prestegardsjorda». Det same gjeld andre forskingsstasjonar på jordbruk og andre deler av jordbruket i Norge.

Kva skjer med det heilskaplege kulturmiljøet HVM sitt virkeområde ved feks Ullensvang prestegard i desse dagar når no prestegardar i heile landet skal delast mellom Den norske kyrkja og Opplysningsvesenets fond? HVM vonar at bevaringsstrategien for landbruket sine kulturmiljø også vil omfatta prestegardane og denne problemstillinga. Korleis forvalta og bruka heile miljøet framover? HVM vonar at det blir lagt meir vekt på i bevaringsstrategien å få fram prestegardane med uteareal og landbruksdrift under dei to deltema som omhandlar bygg i jordbruket og jordbrukslandskapet. Prestegardar har vore sentrale i norske landbruksområde og utgjer ein viktig del av vår kulturarv. Dei er ikkje berre bustader for prestar, men har vore sosiale, kulturelle og økonomiske knutepunkt. Dei har store jordbrukseigedomar som har bidradd til det

lokale jordbruket. Dei har tatt imot gjester frå inn- og utland og viktige kultur møte mellom det regionale/nasjonale og det internasjonale skjedde i prestegarden (les: reiselivsutvikling). Bygningane og særleg bustader på prestegardar er ofte godt bevarte døme på tradisjonell norsk arkitektur og byggeskikk. Her finst hovudbygningar, driftsbygningar som stabbur, løer og naust (fjorden var vegen). Prestegardane omfattar viktige kulturlandskap som hagar, allear og jordbruksland på den beste jorda, nær kyrkja. Bygningane og dei historiske hagane utgjer ein heilskap som bør skrivast noko om i bevaringsstrategien. Opplysningsvesenets fond har alt samarbeid med frivillige på fleire prestegardar om bevaring og bruk av historiske hagar.

### *Deltema 2: Jordbrukslandskapet*

Under deltema 2 er kulturlandskapet og arkeologiske kulturminne i jordbrukslandskapet prioritert. Dette handlar om å ta vare på eit større mangfald av kulturlandskap med store kulturmiljøverdier for å styrka istandsetjing, skjøtsel og formidling av kulturmiljø etter ein samla plan for kulturlandskap i stort og smått og som del av den viktige UKL ordninga og i tillegg til den.

HVM saknar noko eir skrive om ulike kulturlandskapstypar innanfor kulturlandskapet som heilskap i bevaringsstrategien. Når ein «googlar» og søker etter landskap og landskapskart på NIBIO sine nettsider, så finn ein meir om ulike landskapstypar og om jordbruksregionar. Jordbruksregionane består av ein samanstilling av landskapsregionar med felles jordbruksmessig karakter: «*Målet med beskrivelsene av jordbruksregionene er å gi en kort innføring i de enkelte regionenes driftsstrukturer, tilstand, utfordringer og muligheter innenfor forvaltningen av jordbrukslandskapet*». Her kan ein og sjå kart over 10 ulike jordbruksregionar i Noreg. Det er viktig å få til samarbeid med landbruket sine institusjonar og få fram ulike måtar å beskriva kulturlandskap og jordbrukslandskapet slik det blir gjort i landbruket, at ein nyttar same terminologi og nyanserer. Det er og ein måte å få fram mangfold på. HVM saknar og at det kunne stått meir om plantesortar, tre og urter i historiske hagar og i jordbruket, i teksten til dette deltemaet som viktige vekster å bevare i jordbruket, i tillegg til villblomar og verneverdig skog. Frukt og grønt utgjer ein stadig viktigare del av kosthaldet. Temaet frukt og grønt og fruktdyrkings- og grønsaksjordbruk er ein aktuell type jordbrukslandskap å framheva i bevaringsstrategien.

Nettverk som «Schübelers hager» og organisasjonen «Kvann» er viktige samarbeidspartar frå det frivillige som alt jobbar med ivaretaking av historiske hagar og hagebruk i kulturmiljø. Våre

fagskular, jordbruksskular og universitet med arboret kunne og vore nemnde som samarbeidspartar om ivaretaking og skjøtsel av kulturlandskap. Alle desse driv publikumsdagar og formidling i tillegg til kurs i praktisk arbeid. Kulturvernforbundet driv kulturminnedagane og samlar mange frivillige til aktivitetar knytt til landbruk, skogbruk og handverk sin kulturarv.

### *Deltema 3: Kulturmiljø i skog*

Her er det greidd ut om kulturmiljø og kulturminne knytt til skogbruk. Det er behov for betre kunnskap om utbreiing, innhald og tiltak for å bevara eit større mangfald av kulturmiljø i skog. Det blir foreslått å setja i gang tiltak for å redusera tap av arkeologiske minne ved skogbruk. HVM meiner at dette er ei god prioritering og at formidling/kart av arkeologiske minne i skog er viktig slik at folk flest og barn/unge får kunnskap om dei og vernar om dei. Det er interessante fornminne som fortel om den eldste kulturarven og om tidlegare folk som ferdast her.

HVM er ein institusjon som satsar på kunnskap om god materialbruk og bruk av tre. Det er positivt at bevaringsstrategien framhevar betydning av kunnskap om og tilgang på kvalitetsvirke til restaurering som eit sentralt tema. HVM driv ei oppgangssag og flaumsag i Herand som er freda. Slike sager som kan brukast, er viktige kulturmiljø som det må leggjast godt til rette for å bevara i drift framover. Det heng og saman med opplæring i handverket og kunnskap om tre for dei som skal driva og om høve til formidling av historie og handverk. HVM har i sitt høyringssvar til Bevaringsstrategi handverk og til Bevaringsstrategi kystkultur framheva at det er viktig å leggja til rette for og å styrka arbeidet med kunnskap om tre som vyrke og bruken og bevaring av skog.

### *Deltema 4: Kulturmiljø etter reindrift.*

HVM vil rosa at dette temaet som det er arbeidd for lite med til no er eit prioritert som eit eige deltema. Det er viktig for mangfaldet i bevarte det som skal bevarast i landbruket sine kulturmiljø. Her trengst som omskrive meir kunnskap om utbreiing tilstand og behovet for tiltak. Tamreindrift var ei verksemd som også vart etablert sør i landet, til dømes finst det spor etter dette på Hardangervidda og Folgefonnhalvøya. Jakt på rein går tilbake til dei eldste tidene og er eit stort tema som og er viktig å få fram, td at i romartida så var sal av kammar i reinsdyrhorn ei ettertrakta salsvare internasjonalt. Det fortel noko om handel over landegrenser med varer frå Noreg.

## **HVM om økonomi og ressursar til bevaringsstrategi landbrukets kulturmiljø**

Økonomiske ressursar til gjennomføring av bevaringsstrategien er eit viktig punkt og må kartleggjast og utgreiast meir. Det trengst ganske sikker større løyvingar for å få til gode og varige resultat, for å oppnå meir forutsigbart vern gjennom bruk og drift av kulturmiljø i landbruket utover dei tilskotsordningar som finst i dag. Dette har vi vore innom tidlegare i dette høyringssvaret frå HVM. Kan det koma nokre pilotmidlar? Styrking av posten kulturminne og verdiskaping i statsbudsjettet? Kan det årlege jordbruksoppgjæret leggja til rette for ein god start på bevaringsstrategien med øyremerka midlar og engasjement for kulturarven som del av framtidige satsingar frå landbrukssektoren sjølv? Kan ein få med noko om meir midlar til bevaring av jordbrukslandskap og skjøtsel etc. og om eit felles løft for og synleggjering av landbruket sine kulturmiljø? Kan dei kulturhistoriske og konsoliderte musea bli styrka økonomisk for å få gjort sin del av innsatsen knytt til bevaringsstrategi landbruk og dei andre bevaringsstrategiane? I Kulturdepartementet er «gåveforsterkingsordninga» falle vekk og det er blitt vanskelegare å skaffa investeringsmidlar som «matchar» 30% tilskot frå Nasjonale kulturbygg ordninga. HVM er einig med Vestland fylkeskommune som i sitt høyringsinnspel skriv at fylkeskommunen meiner at det må utviklast ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane. Pengar er ikkje alt, men meir midlar tilgjengeleg for landbruket sine kulturmiljø trengst, både til bygningar og kulturlandskap og til registreringar, dokumentasjonar og forskning.

## **Oppsummering av HVM sine høyringsinnspel**

HVM meiner at musea bør spela ein viktig rolle i denne bevaringsstrategien. Musea sine bidrag er vesentlege på fleire område i samfunnet. Musea gjennomfører dokumentasjon, innsamling, formidling og forskning. Norsk landbruksmuseum på Ås er nedlagt og er erstatta av Vitenparken på Ås» som har aktivitetar og eksperiment/realfag knytt til mat og jordbruk mv. Kva samlingar finst i norske museum som gjeld landbruket? Er det «hol» i samlingane? Har nokon institusjon ein god innsamlingsstrategi for gjenstandar frå landbruket i dag? Jærmuseet med vitenparken må nemnast.

HVM har kome med innspel og vore innom spørsmål og kulepunkt i vårt høyringssvar som:

- Utviding av tilskotsordningar og andre økonomiske insentiv kan gjera det meir attraktivt for gardbrukarar, andre eigarar, folk flest og institusjonar som musea å stø opp om bevaringsstrategi for landbruket sine kulturmiljø. Det bør lagast ein finansieringsmodell.

Forenkling av byråkratiske søknadsprosessar og administrative oppgåver kan gjera det lettare for gardbrukarar og andre å oppnå støtte til bevaringsarbeid og skjøtsel.

- Tiltak og initiativ som involverer lokalsamfunnet, skular, museum og frivillige og andre organisasjonar som Stiftelsen Norsk kulturarv, Fortidsminneforeningen, Noregs Bygdekvinnelag og grendalag mfl vil auka engasjementet for bevaring og utvikling av landbruket sine kulturmiljø der folk bur. Musea når mange og er viktig samfunnsaktør, «kulturbank» og historieforteljar i samspel med andre.
- Betre opplæring og involvering av skular, museum og organisasjonar og oppgåvedeling dei i mellom med tiltak for barn og unge kan auka forståing for landbruket sine kulturmiljø som ein ressurs. Her kan musea spela ein viktig rolle i å nå ut. Fleire av musea er vidareføring av dei gamle folke- og friluftsmusea med viktige og rike samlingar og som forvaltar og formidlar av freda bygg og tun.
- Betre integrasjon mellom kulturarv og moderne jordbruk kan bidra til å gjera bevaringsarbeidet meir berekraftig, praktisk og verdiskapande for landbruksnæring (F eks med døme frå eple-, most- og siderproduksjon som har ført til satsing, optimisme, nydyrking, næringsutvikling og bulyst og nye samarbeid i typiske fruktdyrkingsområde) med lokal matproduksjon og tradisjonsmat som eit spanande felt å utvikla vidare. Musea som kunnskapsinstitusjonar bør nyttast meir i dette samarbeidet.
- Det er behov for å styrka langsiktige bevaringsstrategiar gjennom å laga vedlikehaldsplanar, kulturmiljøplanar og oppfølging av kulturmiljø i kommunane. Her er musea ein dialoginstitusjon. Eit samarbeid på for eksempel formidling og bevaring er aktuelt å styrka. Musea er kunnskapsinstitusjonar og styrken er å sjå område i eit historisk perspektiv og å vera relevante i notida.
- Det er behov for å styrka samarbeid, nettverksbygging og partnerskap i regionane og kommunane mellom landbruksnæringa, kommunar, museum og organisasjonar. Desse nettverka kan bidra til å mobilisera ressursar saman, til deling av kunnskap og å sikra ein heilskapleg tilnærming til bevaring og bruk. Musea kan vera involvert i restaureringsprosjekt inkludert vedlikehald av kulturhistoriske bygg og skjøtsel av landskap og på opplæring. Musea sin kunnskap i praktisk bevaring og tradisjonshandverk og materialkunnskap kan sikra god kvalitet saman med andre deltakarar i samarbeidet. Musea er alt involvert i mange slike prosjekt og bør vera det i vidare utforming og gjennomføring av RA sine bevaringsstrategiar.



## **Bakgrunn om Hardanger og Voss museum og landbruket sine kulturmiljø**

HVM ynskjer Bevaringsstrategi for landbruket sine kulturmiljø velkomen og finn det positivt at Riksantikvaren er tydeleg på kva område innan dei ulike deltema som er prioritert.

Hardanger og Voss museum (HVM) har landbruket sine kulturmiljø som eitt av sine prioriterte satsingsområde. HVM vart frå 2006 medlem i det nasjonale kulturlandskapsnettverket under Kulturdepartementet. HVM vart frå 2023 medlem i «Schübelers hager» – eit nettverk for historiske hagar. HVM samarbeider med bygdekvinnelag og andre relevante lag og frivillige om formidling og aktivitetar knytt til landbruk, tradisjonar, lokal mat og drikke. HVM sine avdelingar, Hardanger folkemuseum og Agatunet, ligg i Ullensvang kommune, ein av dei største fruktkommunane i landet. Her satsar vi særleg på historie knytt til frukt- og siderproduksjon med dokumentasjon, planting av gamle fruktsortar, innsamling og formidling av kunnskap, gjenstandar og arkiv knytt til dei lange tradisjonane på fruktdyrking i Hardanger frå munkane på 1200-talet til idag. Eitt av dei 51 nasjonale UKL områda er i Sørfjorden på temaet fruktdyrking. HVM er frå 2021 i eit prosjektsamarbeid med Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO) og Siderklynga i Hardanger om å etablera eit nasjonalt frukt- og sidersenter i den gamle prestegardsløa på Ullensvang prestegard på Lofthus. Det er gjennomført eit forprosjekt og vi er godt i gang med eit mogelegheitsstudie knytt til prestegardsløa. I Agatunet er det og arbeid mykje med historie knytt til jordskiftehistorie med planar for eit jordskiftesenter og med rettshistorie og landslova med Lagmannsstova som autentisk bevart rettslokale frå 1200-talet. Voss herad var den største landbrukskommunen i Hordaland. Ved avdeling Voss folkemuseum har vi fokus på historie knytt til landbruk og særtema moderne landbruk, kulturlandskap, bygningar, gjenstandssamlingar, forvaltning og formidling av autentiske eigedomarar som Mølstertunet, Opheim gamle prestegard og Nesheimstunet.

Vi takkar for arbeidet som er lagt ned frå Riksantikvaren med bevaringsstrategiane som blir spanande og interessant å delta i framover. Hardanger og Voss museum ser fram til eit vidare samarbeid om handlingsplanar, tiltak og andre oppgåver knytt til bevaringsstrategi for landbruket sine kulturmiljø.

Med helsing

Åsmund Kristiansen

Hardanger og Voss museum

Direktør

Randi Bårtvedt

Hardanger og Voss museum

Rådgjevar

